



Nils Gullak Kvalvågnes  
Kvalvågnesvegen 681  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15960 - 21/86265

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
17.12.2021

## Svar på førespurnad om utsett frist - gbnr 84/4 Kvalvågnes

**Byggjestad:** Gbnr 84/4 Kvalvågnesvegen  
**Tiltakshavar:** Nils Gullak Kvalvågnes

### Saka gjeld

Oppfølging av pålegg om retting.

### Førespurnad om utsetting av retting

Du opplyser i brev at du kan rette opp i det ulovlege tilfellet innan 20.01.22 og ber om utsett frist. Kommunen har satt ein frist i pålegg om retting til 20.12.21.

Det er ikkje naturleg å gjere eit nytt vedtak i saka med nye fristar. Det vi istadenfor kan gjere er å utsette realiseringa av vedtaket. Det vil seie at dersom du utfører rettinga innan 20.01.22 som du har bedt om, så vil du ikkje få tvangsmulkt i saka. Dersom rettingsarbeidet derimot ikkje bli utført i samsvar med det som er avtalt vil tvangsmulkt få tilbakeverkande kraft og gebyrleggast frå 21.12.21 slik det er gjort vedtak om. Dersom værmessige tilhøve er til hinder for rettingsarbeidet er det viktig at du tek kontakt med kommunen i forkant og ber om utsatt frist. Andre tilhøve vil ikkje gje grunnlag for ytterlegare utsetting av frist.

### Kommentar til øvrige merknader

Kommunen si vurdering er at snuplass/parkering og opparbeiding slik det går fram av flyfoto frå 2009 er realiseringa av det som viser på godkjent situasjonsplanen frå 1977. Tiltak utover dette er søknadspliktig som eit nytt tiltak. Det er ikkje mogleg å etablere ny parkering til hyttene med henvisning til eit vedtak så langt tilbake i tid utan at dette gjerast gjennom ein ny søknad.

Kommunen er ikkje samd med vurderinga di om at det er ein gardsveg som går frå snuplass/parkering og vidare opp mot hytte 84/25 og 84/29. Dette vurderer vi å ha vore ein gangsti til hytte. Forøvrig er arbeidet som er utført på denne strekninga heller ikkje vedlikehold, men oppgradering. Dette meiner vi går klart fram av billedokumentasjon i saka.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15960

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Nils Gullak Kvalvågnes

Kvalvågnesvegen 681

5956

HUNDVIN